



Møtebok for FAU Ostereidet ungdomsskule 30.09.15

Desse møtte:

8a: Eli - Anne Fauske og Hege Thunes Agdal
8b: Elin Styve
9a: -
9b: Karoline Romarheim
10a: Eli Angelskår Aakre og Elisabeth Ivarsdatter Fammestad
10b: Jorunn Gundhus

Forfall:

Malin Kjenes, 9a, Hege Thorkildsen, 10a, Therese Østerbø, 10a

Ikkje møtt:

8a: Ellinor Kreybu
9a: Rikke Haugland
9b: Malin Møvik

Sak 03 / 2015 - 16: Godkjenningar

Vedtak: FAU godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

Sak 04 / 2015 - 16: Opprop

Opprop vart gjennomført. Det er relativt få fram møtte utan at skulen eller FAU vel å tolke dette som eit signal. Generelt bør tillitsvalde møte eller evt. seie frå seg vervet. Frå skulen si side er målet med å kalle inn begge klassekontaktane å få gi nyttig informasjon til fleire slik at mange kan bidra konstruktivt til beste for barna og elevane våre.

Det er viktig at klassekontaktar som ikkje kan møte, melder frå og skaffar ein i sin stad anten den andre klassekontakten eller ein annan klasseforelder slik at FAU er vedtaksført og representativt.

Vedtak: FAU sluttar seg til skulen sitt syn, og ber alle klassekontaktar gjere sitt til at FAU kan verte eit vitalt organ for skule og elevar.

Sak 05 / 2015 - 16: Konstituering og val

FAU konstituerte seg. FAU består dette året av berre kvinner.

Vedtak: FAU 2015 - 16

Leiar: Eli - Anne Fauske
Nestleiar: Elisabeth I. Fammestad
Skrivar: Jorunn Gundhus
Kasserar: Hege Thunes Agdal
Medlemmer: Eli Angelskår Aakre, Karoline Romarheim





LINDÅS KOMMUNE

Ostereidet ungdomsskule

Medlemmer i SU / SMU:

Medlem

Eli - Anne Fauske
Karoline Romarheim
Eli A. Aakre

Varamedlem

Jorunn Gundhus
Rikke Haugland eller Malin Kjenes

KFU (Kommunalt foreldreutval)

Eli - Anne Fauske

Utearealsgruppa

Hege Thunes Agdal - Elin Styve

Sak 06 / 2015 - 16 : FAU sine oppgaver

FAU er eit av skulen sine rådsorgan. FAU skal gi skulen råd om korleis foreldra ser på saker av felles interesse og oppgaver det kan vere naturleg at FAU engasjerer seg i som t.d. skuleskyss, klasse og skulemiljø, læringskultur, mobbing, fagleg standard, elevtilgang for å nemne nokre. Rektor la vekt på at FAU har oppgaver på tre nivåa : individ(elev), klasse og skule. FAU og SU er også interessante høyringsinstansar for politiske saker som vert send på høyring.

Vidare at klassekontaktar og kontaktlærar har eit møte der ein snakkar gjennom og legg årsplan for positive ting å gjere for klassemiljøet.

Det står FAU fritt å ha møte utan at rektor er til stades i møtet. Kravet er då likevel innkalling og referat/ møtebok til alle medlemmene. (Innkalling og referat går alltid til alle klassekontaktar. Dei som ikkje er medlem i FAU, får desse til orientering).

Utan at det vart sagt i møtet vil rektor generelt informere om at medlemmer i rådsorgan på skular har teieplikt etter forvaltningslova § 13 om saker og informasjon dei får tilgang til i.

Skulen og FAU samarbeider om møta og arbeid i samband med desse slik at rektor fører møtebok og kontorsekretær fører rekneskapen. Skulen er elles til hjelp med råd og dåd som gjeld drifta av FAU og saker som vedkjem FAU.

Vedtak: FAU tek orientering til underretning.

Sak 07 / 2015 - 16: Årshjul for FAU 2015 - 16

FAU arbeidde seg gjennom tiltak for året slik vedlagde årshjul viser.

Vedtak: FAU vedtek årshjulet og kjem tilbake til dette på møtet 13.10.15.

Sak 08/ 2015 - 16: Neste møte

Vedtak: Neste møte vert tysdag 13.10.15 kl. 1800 - 2000 agenda etter årshjul.



